

# Informasjonssaker veke 31 (06.08.2021)

Dei faste kommunemøta er avlyst i sommarperioden, dette skrivet inneheld difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

## Innhold

1. Praktisk informasjon .....	1
2. Informasjonsbrev frå FHI om bestilling av vaksinedosar og gjennomføring av dose 2 til studentar i studiekommunane .....	2
3. Vidare beredskapsplanlegging i kommunane .....	2
4. Diverse informasjonssaker .....	3
5. Viktige lærepunkt frå halvanna år med koronapandemi .....	4
6. Epidemiologisk situasjonsrapport frå FHI .....	4
7. Forskriftsending .....	4

## 1. Praktisk informasjon

- **Kommunemøte**
  - Første møte er planlagt å vere torsdag 12. august kl. 13.30.
- **Rapportering i sommar**
  - Vi minner om at kommunar må rapportere kvar veke i rapporterings skjema som ligg her: <https://rapportering.fylkesmannen.no/>. Fristen er måndag kl. 1200.
  - Dei som skal rapportere søker om å få tildelt rolle på vegne av kommunen og vi godkjenner etter kvart. <https://rapportering.fylkesmannen.no - brukarretteleing>
  - Vi minner om at vi ønskjer å få informasjon dersom det oppstår særlege hendingar eller kritiske utfordringar. Ved behov vil vi kunne kalle inn til kommunemøte på kort varsel.
- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**
  - Vi oppmodar om at de melder frå til oss viss det er tilsette som bør få informasjon frå oss direkte på e-post i sommar (i **tillegg** til dei mottakarane som får informasjon til vanleg). Lenkje for å registrere opplysningane ligg vedlagt i e-postutsendinga til dette skrivet.
- **Kontaktinformasjon for spørsmål til Statsforvaltaren**
  - Vi oppmodar om at de framleis nyttar beredskapsadressa vår ([sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)) når de har spørsmål og andre innspel. Bruk av personlege e-postadresser er sårbart, særleg i samband ferieavvikling.

## 2. Informasjonsbrev frå FHI om bestilling av vaksinedosar og gjennomføring av dose 2 til studentar i studiekommunane

Vi sendte brevet til kommuneoverlegar/smittevernlegar og kommunedirektørar/rådmenn, med kopi til vaksinekoordinatorar og helseføretaka på tysdag.

Som FHI tidlegare har kommunisert, skal det opnast for at studentar vert tilbudd dose 2 i studiekommune sjølv om dei ikkje er folkeregistrert der. Kommunar med utdanningsinstitusjonar må derfor få levert ekstra dosar til studentar med behov for dose 2 og som ikkje er folkeregistrert i studiekommunen. Kommunane bør inngå eit samarbeid med studiestadane. De finn meir informasjon i brevet frå FHI.

Vi gjer merksam på framgangsmåten for bestilling som er beskrive i brevet og at **bestillinga av studentvaksiner må ha blitt gjort innan slutten av veke 32. Bestillinga må merkast med "Studentvaksiner" og kommunenamn.** Desse dosane vil leggjast til fordelinga i den aktuelle kommunen i veke 35.

## 3. Vidare beredskapsplanlegging i kommunane

Vi viser til brev frå justis- og beredskapsministeren og helse- og omsorgsministeren datert 5. juli. Der skriv ministrane om forventningar om planlegging av beredskap for covid-19 hausten 2021 (sjå vedlegg i utsendinga av dette informasjonsskrivet).

I brevet vert det vist til regjeringa sin langsiktige strategi og beredskapsplan for handteringa pandemien. Den vart oppdatert i juli:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/langsiktig-strategi-for-handteringen-av-covid-19-pandemien2/id2866174/>

Eit hovudpoeng for ministrane er at trass i at omfanget av vaksinasjonen gjer situasjonen mykje betre enn for nokre månader sidan, er ikkje pandemien over. Kommunane og alle andre må difor framleis planlegge og oppretthalde ein beredskap, slik at det er mogleg å følgje nøye med på utviklinga og raskt kunne setje inn tiltak viss situasjonen skulle endre seg.

I brevet er det skildra tre ulike moglege scenario for den vidare utviklinga i pandemien. Ministrane seier at kommunane må planlegge for alle desse tre, òg det mest alvorlege av dei.

Planlegging for handteringa utover hausten vert tema på kommunemøtet i neste veke. Vi håpar på å få med oss Folkehelseinstituttet, for å få ei oppdatert vurdering av situasjonen no og i tida framover. Ein av dei tinga som vil vere viktig for kommunane, er å få mest mogleg konkret informasjon om kor lenge kapasiteten til testing smittesporing skal oppretthaldast på same nivå som i dag.

I møtet vil vi og ta opp korleis kommunane bør følgje opp forventningane om planlegging framover, og korleis Statsforvaltaren kan støtte opp under det.

## 4. Diverse informasjonssaker

FHI opplyser at mange kommunar vil få færre doser i veke 32 samanlikna med slik det fyrst såg ut i “sommarfordelinga”, men at det kjem fleire doser frå veke 33 igjen. FHI ønskjer framleis at doser ikkje skal flyttast over kommunegrensane – kontakt i så fall Vaksineforsyninga fyrst.

Frå veke 32 flyttast òg fokuset meir over mot dose 2, sjølv om dei som ikkje har fått dose 1 framleis skal prioriterast. For mange personar blir det eit kortare intervall enn 12 veker mellom dosene. FHI vil ikkje bestemme kva intervall kommunane skal følgje, då det er stor skilnad mellom kommunane. Kommunane må difor sjølve sjå kva handlingsrom og moglegheiter dei har med omsyn til intervall. FHI seier likevel at dei som har venta lengst sidan 1. dose skal prioriterast.

FHI ser at det er ein diskrepans mellom tal doser som vert sendt til kommunane og tal doser som blir registrert, noko som tyder på at det vert akkumulert ein del dosar i kommunane. Det er viktig at kommunane får brukt dosene dei får tilsendt, og vi må ikkje kome i ein situasjon der dosar må kasserast. Viss nokon opplever utfordringar med dette, må dei straks ta kontakt med oss og/eller Vaksineforsyninga.

Fleire kommunar vil få Moderna (Spikevax) etter kvart. FHI vil bidra med informasjon og kommunikasjon nasjonalt for å møte eventuell skepsis til denne. Spikevax inneheld noko meir antigenar som er sannsynleg årsak til fleire rapporterte biverknader, og som mogleg bidreg til auka skepsis samanlikna med Pfizer (Comirnaty). Vi gjer kommunane merksame på at dei må lese om korleis Spikevax skal behandlast og administrerast før dei eventuelt får den (sjå [Vaksinasjonsrettleiaren](#) til FHI).

Når det gjeld friske utvekslingsstudentar under 18 år, er det framleis ikkje høve til å vaksinere desse i samband med opphald i utlandet. Det blir gjort ei ny vurdering kring dette til hausten.

Det er framleis heller inga tilrådingar om dose 3. Det er fleire ting enn målbare antistoff som har betydning for om vaksinen har effekt. Det er mogleg at til dømes immunsupprimerte får tilråding om dose 3 etter kvart, men dette er førebels ikkje konkludert, då det går føre seg studiar no.

FHI minner om at **influensavaksinering** inngår i den totale helseberedskapen, der det er eit mål om vaksinasjonsdekning på > 75 % hjå risikogruppene. FHI ønskjer difor at kommunane bestiller inn vaksinar med mål om ei slik dekning, og ikkje berre etter kor mange som fekk vaksine i fjor. Det er eit par år sidan siste skikkelege influensasesong, og det vil bli mindre press på helsetenestene jo fleire som blir vaksinert. Det er mange influensavaksinar tilgjengeleg, og det blir ikkje naudsynt å prioritere mellom grupper i år. Hovudbestillinga blir snart lukka, men det blir høve til etterbestilling.

Vi vil minne om kor viktig det er å informere andre kommunar om smitta personar i deira kommunar, der ein i samband med smittesporing blir klar over smitta personar som har reist vidare frå kommunen utbrotet finn sted.

Vi vil minne om kor viktig det er når ein i smittesporing oppdagar at smitta personar har reist vidare frå kommunen, at bustadkommunen til den/dei smitta vert informert.

Den 9. august kjem ny rettleiar for smittevern i skulene. Det kjem òg rettleiar for kommunane i høve testing framfor smittekarantene for barn og unge under 18 år. Slik vi forstår det, vil kommunane få behov for å bestille inn fleire hurtigtestar, då testing blir alternativ til karantene. Diverre har vi førebels ikkje fått noko meir informasjon om korleis dette skal gå føre seg, men vi skal halde dykk

oppdaterte.

## 5. Viktige lærepunkt frå halvanna år med koronapandemi

Onsdag denne veka publiserte vi ein artikkel om viktige lærepunkt frå halvanna år med koronapandemi. Vedlagt artikkelen ligg andre trinn av undervegsevalueringa av pandemihandteringa. Evalueringa er gjort på oppdrag frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

I rapporten hevdar vi at pandemien er handtert på ein god måte i Vestland. Vi meiner at den viktigaste grunnen til det er at vi har lukkast med å ha eit godt samvirke mellom aktørane heile vegen.

Artikkelen og trinn to av undervegsevalueringa kan lesast her:

[Statsforvaltaren i Vestland - undervegsevaluering av covid-19-handteringa](#)

## 6. Epidemiologisk situasjonsrapport frå FHI

Vestland hadde eit stabilt lågt nivå over fleire veker, men har hatt ein auke i tal tilfelle dei siste fire vekene. Denne auken kan i stor grad knytast til høgare tal tilfelle i Bergen og nærliggande kommunar, i tillegg til ein auke i tal tilfelle i fleire kommunar i veke 30. Det er ein aukande førekomst av smitte blant unge vaksne som kan knytast til sosiale samkomer.

Høgste tal tilfelle for veke 29 og 30 samla per 100 000 innbyggjarar blei meldt i Møre og Romsdal (116) etterfølgd av Vestland (111), Oslo (74) og Troms og Finnmark (78). Trøndelag (33 per 100 000) og innlandet (29 per 100 000) har lågast tal meldte tilfelle i forhold til befolkninga dei siste to vekene.

Heile rapporten kan lesast her: [FHI - Epidemiologisk situasjonsrapport veke 30](#)

## 7. Forskriftsendring

Torsdag sendte Hdir ut informasjon om at det er gjort endring i covid- 19-forskrifta § 6 f. Dette gjeld ny overskrift til § 6f, om unntak frå innreisekarantene for arbeidsreisande ved testing i samband med internasjonale idrettskonkurransar eller film- og serieproduksjonar m.m.

§ 6f fyrste ledd ny bokstav e lyder:

- e. *Personer som er nødvendige for gjennomføringen av musikalen Mamma Mia! ved Folketeateret og som har fått innreisetillatelse fra Sjøfartsdirektoratet etter forskrift 19. februar 2021 nr 470 om søknadsbasert ordning for unntak fra innreiserestriksjoner for utlendinger av hensyn til folkehelsen § 2.*

[Her kan du lese § 6f slik den no lyder.](#)